

## Årsmelding Leiknes Blåseorkester 2017

Leiknes Blåseorkester tel 18 medlemmer. Dirigent er Olav Kristiansen.

Styret 2017: Me har i år operert med arbeidsstyre.

Kasserar: Lars-Bjørnar Austegard

Mary-Ann Larsen

Per Heggernes

Vibeke Hjelle

Svein Åge Fyllingen

Korpset har hatt øving på Leiknes skule torsdager kl. 19.00 - 21.30.

Oppstart av vårsemesteret var 4. januar

Seminar på skulen 28. januar

Konsert med Fjon Musikklag på Sandnes Skule 2. mai.

Me hadde eit eige program, og spelte eit nummer ilag med Fjon. Kjekt å bli invitert til konsert, og ikkje minst og spele ilag i eit stort korps.

17. mai. Speling i toget og til songane under programmet. Greit i år å kunne vere inne i Storstova.

25. mai Kristi himmelfartsdag. Tradisjonen tru spelte me liturgien, og til songane på gudstjenesta på Håøytoppen. Dette er like kjekt kvart år. Også overfarten med «Rut'n» er koseleg, sjølv om ikkje vêret viste seg frå si beste side. Takk til Henning, Per og Lars-Bjørnar som henholdsvis stod for overfart, sponsorannonser og program.

10. juni Spelte på åpninga av Storstova. Framførte også der nummeret «Velkomne med æra» ilag med Hjelmås Mannskor.

Etter konserten hadde me ein stand ved skulen der me hadde med instrument, og publikum kunne få prøvespele.

24. august Oppstart av høstsemesteret

16. september seminar på Leiknes skule med mykje speling og kjekt sosialt

26. september Brukarmøte for Storstova. Per, Anders, Grethe og Mary-Ann møtte. Leiknes Blåseorkester har fått tildelt ein del av eit lagerrom i Storstova.

22. oktober Høstkonsert i Storstova. Me hadde invitert med oss Alversund Musikklag og Fjon Musikklag

25. november Speling på Hjelmås Handelslag sin juletretenning

3. desember var den tradisjonelle adventskonserten ilag med Hjelmås Mannskor. I år vart den arrangert i Storstova. Oppgraderinga av skulen var begynt, så det var ikkje lett for alle å finne fram til inngangen på baksida av Storstova, og sjølv om me hadde merka med plakater og lys i stolper, og fakler ved inngangen, kom kommentarer som «Det er lettare å koma i himmelen enn inn her». Men ein del folk møtte, og konserten blei bra den.

9. desember var me invitert til felleskonsert med fleire kor i Ostereidet kyrkje

13. desember Speling i Hillesvåg på FAU sin tradisjonelle gang rundt juletreet

14. desember Speling i Knarvik Senter

Året 2017 har, som tidlegare år, vore eit kjekt år med store og små utfordringar til notene.

Me har tilsaman hatt 23 øvinger + seminar i vårsemesteret, og 19 øvinger + seminar i høstsemesteret. Eit par korte permisjoner har det og vore i løpet av sesongen.

For styret

Mary-Ann Larsen

Mary-Ann Larsen  
Per Heggernes  
Vibeke Hjelle

Svein Åge Fyllingen  
Lars-Bjørnar Austegard